
Vår referanse 2021/54289-2
Dato 15.12.2021

ARKOCONSULT AS
HAMRENESVEGEN 30
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Svar - Flytte avkøyrslø - Fv. 5458 Stranda - Gnr 16 bnr 1 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 10.11.2021. **Saka gjeld**

Det er søkt om å flytte eksisterande avkøyrslø og etablere ny på gnr 16 bnr. 1 i Alver kommune. Eigedomen skal bruksendrast frå fritidseigedom til bustad, men fremstår som ein landbrukseigedom. Dagens avkøyrslø skal stengast.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til flytting av avkøyrslø frå fylkesveg 5458 Stranda til gnr. 16 bnr. 1 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløer fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 01.11.2021. Utforming av avkøyrslø med siktkrav, svingradius, fall mm skal følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bustad.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*. Søkjar må ta kontakt med Vestland fylkeskommune si driftsavdeling for å avklare detaljar om utforming av grøfter og sideterreng.
6. Søkjar må ta kontakt med Vestland fylkeskommune for å avklare detaljar om flytting av skilt.

7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.
9. Dagens avkøyrsla skal stengast.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at krav til utforming gitt i *Prinsippssisse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Søklar opplyser at det skal søkjast om bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Det er difor søkt om å flytte ei avkøyrsla med dårleg utforming, og etablere ein ny og meir trafikksikker avkøyrsla. Vestland fylkeskommune meiner dette er ei god løysing.

I Situasjonskartet er det vist at dagens avkøyrsla skal stengast. Samstundes skal vegen oppretthaldast som landbruksveg. Vi vil vise til pkt 9 i vilkåra at det er ein føresetnad for løyvet at dagens avkøyrsla vert stengt.

Vi minner om at Vestland fylkeskommune har regionalt sektoransvar for kulturminne, og kan ha merknader til plassering av tilkomstveg når den blir omsøkt.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

Situasjonsplan datert 01.11.2021

Prinsippskisse med krav til utforming av avkøyrslø

Melding om opparbeidd avkøyrslø

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

Solfrid Vigdis
Kvamme

Geir Sverre
Andreassen

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 5458, S1D1 m5182 ved gnr 16 bnr 1 i Alver kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 15.12.2021.

.....
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN